

Styremøte i SFSG TORSDAG 3. SEPTEMBER KL. 10:00

Stad: Felleskjøpet, Skei

Til stades: Ragnhild Sæle, Lars Nesse, Jo Risløv, Ingunn Reme, Odd-Jarle Øvreås

Saker

33/15. Kort tilbakemelding frå styremedlemane vedrørande arrangement ein har delteke på.

Ragnhild: Møte i Naustdal 30. juni

Lars: Møte i Naustdal 30. juni

Odd-Jarle: Møte i Naustdal 30. juni

34/15. Resultat/balanse pr. 03.09.15

Me har eit underskot på 71 000 kr så langt, men refusjon av medlemskontingenten frå NSG sentralt er ikkje komen inn. Me etterspør NSG sentralt kor tid desse vert utbetalt. Neste reiserekningar må vere sendt til Jo innan 15. nov for å få dei med på rekneskapoversikt til neste styremøte.

35/15. Avløysartilskot under sanning – endringar i høve kontrakt.

Jo Risløv skriv eit brev til Fylkesmannen om dette.

36/15. Samarbeid med Sogn og Fjordane Husflidslag

Me ynskjer samarbeid med Husflidslaget, men 3. oktober er ein vanskeleg dag for oss å stille. Odd-Jarle tek kontakt med Nortura for å høyre om dei evt. Norila kan vere med. Det kan vere aktuelt å invitere husflidslaget med på nokon av våre arrangement der temaet er ull.

37/15. Dekking av utgifter i høve dommarsamling gjetarhund.

Etter det me har fått opplyst er dette ei friviljug dommarsamling. Det dekkjer me ikkje utgifter til.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Ålhus

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sogn og Fjordane Sau og Geit



38/15. Innspel til jordbrukstingingane 2016.

Har same prosess på dette i år som i fjor. Odd-Jarle sender brev til lokallaga om å få innspel i førekant av leiarsamlinga på dette.

39/15. Leiarsamling 31.10.15 – program, invitasjon – fordeling av oppgåver.

Odd-Jarle sender ut varsel om dette no. Endeleg invitasjon sender me ut seinare.

Førebels program:

- 09:45 - 10:00 Registrering
- 10:00 - 11:00 Lokallaget sin time – nye lagslover
- 11:00 - 11:15 Pause
- 11:10 - 12:30 Samyrkeorganisasjonane - FK, Nortura og Tine
- 12:30 - 13:30 Lunch
- 13:30 - 14:15 Bondelaget v/ Anders Felde
- 14:15 - 14:30 Pause
- 14:30 - 16:00 Jordbrukstingingane

40/15. Status «gamle saker» : Beredskapsplan, Naustdal Sau og Geit, oppfølging av lokallag som følgje av nye lagslover, reglar for utlån av kikkert m.m.

Beredskapsplan: Lars har vore i kontakt med Fylkesmannen, Naustdal Sau og Geit: Vedrørande e-post frå Naustdal datert 27. mai -15. Me ser møtet 30. juni med styret i Naustdal Sau og Geit som svar på dette. Oppfølging lokallag mot. Nye lagslover: Jo lagar skriv og sender til dei laga som må endre namn eller få organisasjonsnummer. Utlån av kikkert: Jo arbeider vidare med dette.

41/15. Rovdyrsituasjonen i Sogn og Fjordane 2015 - kva veit vi og kva kan SFSG gjere?

Obsevasjonar av Ulv. Kadaver truleg drepe av Ulv i Eid. 5 dokumenterte drap av Jerv i Lærdal. Lars tek kontakt med Fylkesmannen om tilgang på skadefellingsløyve.

Hyllset 4/9-15

Odd-Jarle Øvreås

Referent

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Ålhus

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: leder.sognogfjordane@sauoggeit.no

Bankgiro:

Orgnr.

3703 20 15213

971 115 599